



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG



Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/9850 - 20/28921

Saksbehandlar:  
Linn Hagen  
linn.hagen@alver.kommune.no

Dato:  
25.08.2020



## VEG -Dispensasjon og løyve til oppføring etablering av trafikksikringstiltak - GBNR 213\_1/2/6/59

Alver kommune ved sektor for prosjekt søker med dette om oppføring av midlertidig tiltak og søker om dispensasjon frå plankrav jf. føresegn 2.2.3 i Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031, Lindås kommune, vedtatt i kommunestyret 15.10.19. Det søkast også om dispensasjon frå byggegrensa, som er 50 meter, mot Mykingvegen 5464 (FV5464 S1D1 m544).

Tiltaket ligg innanfor sone for bandlegging for regulering etter PBL (H710).

Trafikksituasjonen ved Eikanger skule har i mange år vore dårleg. Det lenge vore eit problem langs fv397 ved Eikanger skule i samband med levering ved skulestart. Innkøringa til skulen ligg i dag i ein 90 graders sving langs fylkesveg 5464. Føresette som køyrer barna sine manglar areal til å setje av barna. Parkering og av-/påstigning skaper til tider farlege situasjonar for dei mjuke trafikantane.

Avsleppingssone (vendesløyfe), parkering og fortau blir bygget på Gnr 213 Bnr 1, Gnr 213 Bnr 2 og Gnr 213 Bnr 6. Den skisserte løysinga vil betre trafikksituasjonen i krysset ved fv397 ved skulen. Løysinga vil syte for eit ryddigere køyremønster nærast skulen og tilretteleggje for at elevar, tilsette, føresette og besøkjande kan ferdest trygt ved å etablere fortau både frå p-plass og ved droppsoner. Med ny løysning vil ein unngå rygging og farlege situasjon med bilar.

Kommunen vil etablere ein av-/påstigningssone på eksisterande parkeringsplass ved skulen. Det vert etablert ein einvegskøyrte vendesløyfe med dråpe, droppsoner og tilhøyrande fortau, HC-parkering og rampe til fortau. Etablere ein ny og større parkeringsplass med 15 plassar med eiga innkøring, samt fortau.

Alver kommune har planar om å etablere ein ny skule på Fyllingsnes, og når denne skulen kjem på plass, vil ikkje lenger Eikanger skule fungere som skule. Løysinga har eit 5-10 års perspektiv, og den skisserte løysinga vil vere ei betydeleg forbetring for skulen.

Kommunedelplan «Prosjekt: E39 Flatøy – Eikefettunnelen» med planID 1263-201611 i Lindås kommune, pågår. Grunna denne planen er området kring dagens Eikanger skule bandlagt. Ei

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50  
00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

eventuell reguleringsprosess vil kunne bli satt på vent av Statens Vegvesen. Fordelen ved å gje dispensasjon er at ein kan utbetre trafikksituasjonen snarast, utan å måtte vente på avklaring av planprosessen for E39.

Løysinga er utarbeidd i samråd med vegavdelinga i tidlegare Lindås kommune. Statens Vegvesen (no Vestland Fylkeskommune) ved trafikksikringsavdelinga, har stilt seg positiv til forslaget.

Hordaland fylkeskommune v/samferdselsavdelinga (vegseksjonen) har gitt trafikksikringsmidlar til tiltaket.

Kommunen eig 213\_6 og 59 og leie grunn av 213\_1 og 213\_2. Arealet er avsett til Offentleg eller privat tenesteyting (1160), og ein treng difor ikkje omdisponere arealet. Det er ikkje naudsynt med utfale frå landbrukskontoret. Det er inngått avtale med grunneigarane om leige av naudsynt areal.

Tiltakshaver har tatt omsyn til privatpersonar/naboar og ålmenta generelt. Fordelane ved å gje dispensasjon er vurdert til å vere større enn ulempene i denne saka. Det er ikkje kome inn merknadar på nabovarsel. Det er sendt inn søknad til VESTLAND FYLKESKOMMUNE via vegvesen.no 21.08.20.

#### Parkering

##### KPA kap 2.6.5 PARKERING

		Sykkel (minstekrav)		Bil	
		Region/Nærsenter <sup>2</sup>	Andre områder	Regions-/nærsenter	Andre områder
Skule og barnehage*	Tilsett	0,3	0,2	min 0,5 / max 1	min 0,5 / max 1
	Born under 8 år	0	0	min 0,2 / max 0,5	min 0,2 / max 0,5
	Born over 8 år (frå 4kl)	0,7	0,6	0	0

<sup>2</sup> Kommunen har definert nærsenter som Lindås og Ostereidet, og regionsenter som Knarvik, men krava for nær- og regionsenter inkluderer og Alversund.  
\*5% av alle parkeringsplasser skal vere utforma og reservert rørslehemma.

I dag er det 7 parkeringsplassar. Det er ca. 10 elevar, på ein god dag, som sykklar til skulen. Over halvparten av elevane kjem med taxi.

Der vert 74 elevar og 17 tilsette skuleåret 2020/2021. Elevkapasiteten ved Eikanger skule er 100 elever med om lag 20 vaksne.

- Sykkel:  $0,2 \times 20 = 4$  +  $0,6 \times (0,7 \times 100) = 42 \rightarrow 46$
- Bil:  $0,5 \times 20 = 10$  +  $0,2 \times (0,3 \times 100) = 6 \rightarrow 16$

Det vert etablert 15 P-plassar og ein HC-plass. Totalt 16 plassar. Skissert løysing ivaretar parkeringskrav gjeve i KPA. Krava til sykkelparkering vert løyst inne på skuleområdet.

Med helsing

Alver kommune Bygg, areal og grønt

Per Asle Køhne  
Avdelingsleiar

Linn Hagen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Vedlegg D\_003\_ Illustrasjonsskisse  
5202389\_003  
5202389\_004  
5202389\_002  
5202389\_001  
Vedlegg C\_001  
Vedlegg Q  
Vedlegg C\_002  
Rammesøknad  
Vedlegg A\_001

**Kopi til:**

Line Merete Valle

**Mottakarar:**

Alver kommune  
Vestland Fylkeskommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG



102.3

5:66070690-001010-4747-5180-3e119699:6812#Z01

